




"The King and I"



Det Norske Teatret



Sturlason

a 15g 19979

RIKKI SEPTIMUS – SØLVI WANG

og

INGEBJØRG SEM

i

"The King and I"

av OSCAR HAMMERSTEIN II

Musikk: RICHARD RODGERS

Etter romanen
„Anna and the King of Siam”
av MARGARET LANDON

Til norsk ved HARTVIG KIRAN

Regi og koreografi: RIKKI SEPTIMUS

Dialoginstruksjon: FINN KVALEM


Musikalsk arrangement og leiing:
EGIL MONN-IVERSEN


Dekor: ARNE VALENTIN

Kostyme: PER LEKANG


Song- og røystepedagog:
VIRAN WALLSTRÖM

Repetitør: TOR HULTIN





Rikki Septimus



Frå Bernardo i
„West Side Story”
til
Kongen i
„The King and I”

Over til


"The King and I"

Dei som førte «West Side Story» fram til siger på Det Norske Teatret i fjor, har i vinter vore i sving att med ein annan krevjande musical: «The King and I», også no under inspirerande leiing av Rikki Septimus. Dette musikkspælet frå orientalsk miljø ligg på alle måtar fjernt frå «West Side Story», andre mjukare klanger, annan dans, annan mentalitet. Det seier noko om spennvidda i kunstnaren Septimus at han også *her* er på heimebane. Som førre gongen har han hatt Finn Kvalem ved sida av seg, og elles den same flokk av høgt kvalifiserte fagfolk ikring seg: Egil Monn-Iversen i orkestergrava både som arrangør og kapellmeister, Viran Wallström og Tor Hultin bak pianoet, Arne Walentin på målar salen og Per Lekang på systova.

Også i rampelyset møter vi att mange av toppkreftene frå «West Side Story». Sølvi Wang i den store rolla som Anna Leon-


owens, Rikki Septimus som Kongen av Siam, Ingebjørg Sem som Lady Thiang, førstekona hans, — i andre roller: Rolf Sand, Terje Gulbrandsen, Sidsel Ryen, Daryl Paes, i balletten Inger Johanne Rütter, Tove Hauge, Berit Kullander, Main Kristoffersen m. fl. Andre gode namn er komne til: Bjarne Andersen som siamesisk statsminister og Odd Furøy som engelsk diplomat, for å nemne eit par.

Vi ynskjer alle gjester, med Rikki Septimus i spissen, velkomne til Det Norske Teatret, og takkar dei, som vi takkar våre eigne, for heilhjarta innsats i vårens musical.



I bakre rekkja, frå v.: Randi Skahjem, Arne Walentin, Viran Wallström, Tor Hultin, Doro Walstad.

I fr. rekkja, frå v.: Hartvig Kiran, Finn Kvalem, Egil Monn-Iversen, Per Lekang.



Anna og Kongen av Siam

I 1862 siglde dampskipet «Chow Phya» frå Singapore til Bangkok med Anna Leonowens og den vesle sonen Louis om bord. Ho stod framfor den mest hendingsrike og dramatiske perioden i sitt liv. Anna var enkje. Mannen døydde etter ei jaktulykke i India, og ho hadde sidan arbeidd som guvernante for barn åt kolonistane der ute. Til ho fekk brev frå kong Phra Meha Mongkut av Siam, der han bad henne koma til Bangkok for å «oppdra oss og barna våre i kunnskap om engelsk språk, vitenskap og litteratur, men ikkje i kristendom». Trass i alle åtvaringar tok Anna mot tilbodet. Ho var ei ung og sterk kvinne, berre 28 år gammal.

I 1860-åra var kolonimaktene enno ikkje mette. Framstøytane i Sørøst-Asia var i full gang. Vietnam var i røynda alt på franske hender, og no kasta Nederland, England og særleg Frankrike augo sine på Siam og provinsane omkring. I si regjeringstid laut kong Mongkut overgje fleire landområde til europearane, men før han døydde, hadde han stort sett konsolidert stillinga og redda Siam frå å bli koloni eller protektorat.

Kong Mongkut var buddhistprest før han overtok trona. Han var ein slu politikar, og Anna rekna han for å vera den mest opplyste monark i verda på si tid. Men samstundes var han ein merkeleg samansett personlegdom, der gammalt og nytt stridde om makta. Siam var enno ein føydalstat, kongen hadde diktatorisk makt og storparten av folket levde i slavekår.

Slike tilhøve kan ikkje forandrast på ein dag, og eit slikt samfunn har vondt for å forsvara seg mot overlegne inntrengjarar. Kongen ville møte europearane med deira eigne våpen, og han såg at folket hans fyrst og fremst trong opplysning. Han ville byrja med sin eigen familie, og difor sende han bod på Anna Leonowens. Men i dei fire åra ho var i Siam, kom ho ikkje berre til å arbeide som lærarinne. Ho vart etter kvart ein slags kongeleg privatsekretær, laut ta seg av den enorme korrespondansen han førte med utlandet, og hjalp han gjennom fleire farlege diplomatiske eventyr. Tilhøvet mellom dei var ofte spent, og heilt kloke på kvarandre vart dei aldri.



Anna hadde grunn til å kjenne seg stolt då ho såg att kong Chulalongkorn mange år seinare. Dei møttest i London i 1897. Han gav uttrykk for si djupe takksemnd til denne uvanlege kvinna som hadde vore så mykje for han og folket hans. Louis Leon-owens vende forresten attende til Siam i vaksen alder som offiser i hæren åt Chulalongkorn.

— — —

Anna skreiv sjølv to bøker om opphaldet i Bangkok, men fyrst då Margaret Landon gav ut boka «Anna og kongen av Siam», vart livssoga hennar allemannseige. Boka vart grunnlag for ein sterk amerikansk film med Irene Dunne og Rex Harrison i hovud-

Framhald side 16

Det skulle bli son til Mongkut, Chulalongkorn, som fullførte det livsverket faren hadde byrja på. I Siam reknar dei han for å vera den største konge dei har hatt – han er oldefar til den noverande kongen. Anna fekk stor innverknad på den unge kronprinsen. Han var hennar beste elev, og dei tala ofte saman. Ho sette særleg mykje inn på å forklare han kva for ulykker slaveriet førte med seg for landet og folket. Som konge brukte Chulalongkorn heile sitt liv på å føre Siam frå føydalstat til eit relativt moderne samfunn. Slaveriet vart avskaffa ved lov i 1872, men fyrst i 1905 kunne dei siste slavane frigjevast. Landet vart opna for ein fredeleg invasjon av lærarar, tekniske ekspertar og vitskapsmenn. Lovverket vart fornya, skular og sjukehus bygde over heile landet. Og flokkar av ungdom vart sende til utlandet for å få utdanning.





RICHARD RODGERS og OSCAR HAMMERSTEIN II

Richard Rodgers var berre nybakt student i Columbia då han sende inn sitt første tilskot til student-showet. Ein av dei høge medlemene i show-komitéen som likte musikken og gjekk inn for den unge komponisten, var Oscar Hammerstein II. Dei to har alltid vore vener sidan, og i seinare år samarbeidde dei. Saman laga dei «Oklahoma!», «Carousel», «State Fair», «South Pacific», «The King and I» og «The Sound of Music».

Den profesjonelle karrieren til Rodgers byrja i 1927, då han var med på å laga ein satirisk revy, «The Garrick Gaieties». Lorenz Hart var tekstforfattar, revyen fekk ein uventa stor suksess og gjekk i to sesongar. Det var nok ikkje minst på grunn av dei herlege songane til Rodgers. Samarbeidet med Hart varte i mange år. Dei laga teaterhistorie på Broadway med ei lang rekkje fulltreffarar.

Oscar Hammerstein II slo igjennom i 1922, då han skreiv «Wildflower» saman med Otto Harbach. Like etter kom ein endå større suksess, «Rose Marie». Seinare skreiv han «The Desert Song» til musikk av Romberg, og «Show Boat» saman med Jerome Kern. Hammerstein hørde til tredje generasjon av ein vidgjeten teaterfamilie.

Samarbeidet mellom Rodgers og Hammerstein nådde eit strålende høgdepunkt då dei tok imot Pulitzerprisen i 1950 for «South Pacific». Hammerstein døydde i 1963.



MUSIKALSKE NUMMER:

Første akt:

Eg plystrar ein lystig låt

Anna, Louis

Min drott og herre

Tuptim

Godt mot, du unge

Anna

Dei siamesiske barnas marsj

Barna

Er inviklativt!

Kongen

Børja forstå deg

Anna, konene og barna

Viftedans

Inger Johanne Rütter

Denne min mann

Lady Thiang

Vi møtest i skuggen

Tuptim, Lun Tha

Reprise: Er inviklativt!

Chulalongkorn, Louis

Skal eg seia kva du er?

Anna

Finale

Ensemblet

Andre akt:

Rare folk i Vesten!

Lady Thiang, konene

Eg har drøymt

Tuptim, Lun Tha

Reprise: Godt mot, de unge

Anna

„Hyttelåt åt onkel Thomas”

Forteljar

Sidsel Ryen

Eliza

Inger Johanne Rütter

Onkel Thomas

Vic Salomonsen

Eva

Tove Hauge

Topsy

Gjertrud Reagan

Simon av Legree

Randi Frønsdal

Engelen

George

Berit Kullander

Trommeslagar

Terje Gulbrandsen

Dansarar

Greta Dahle, Didi Grimsgaard, Turi Grotterud, Main Kristoffersen, Wenche Lund, Vigdis Melsom, Sissel Ramberg, Vibeke Wagner, Inger Wroldsen

Koret

Tone Danielsen, Ingebjørg Eskeland, Anne Gleditsch Kleive, Ulrikke Greve, Inger Haldal, Tone Ringen, Britt Skolmen, Eva Solbakken, Gudrun Waadeland

Siamesisk rim

Kongen

Om vi to?

Anna, Kongen

Prosesjonen

Ensemblet

"The King"

av Oscar Ham

Musikk: Rich

Til norsk ved HA

Regi og koreografi: J

Dialoginstruksjon:

Musikalsk arrangement og leii

Dekor: ARNE VALENTIN – Kostyme: PER LEH

Song- og røystepedagog: Viran Wallström. – Repe

Kostyma er laga på systova til Det Norske Teatret v

Personar

(i den rekkjefølgja dei kjem inn)

KAPTEIN ORTON	Rolf Sand
LOUIS LEONOWENS	Jan Henning Aase
ANNA LEONOWENS	Sølvi Wang
TOLKEN	Per Jansen
KRALAHOME	Bjarne Andersen
KONGEN	Rikki Septimus
PHRA ALACK	Leif Skarra
LUN THA	Atle Merton
TUPTIM	Sidsel Ryen
LADY THIANG	Ingebjørg Sem
PRINS CHULALONGKORN	Darryl Paes
SIR EDWARD RAMSAY	Odd Furøy
PRINSESSE YING YAOWLAK
6 PRINSAR OG 5 PRINSESSER
KONER	Vibeke Bang, Tone Danielsen, Ingebjørg Eskeland, Anne Gleditsch Kleive, Ulrikke Greve, Inger Heldal, Anne Jørgensen, Tone Ringen, Britt Skolmen, Eva Solbakken, Gudrun Waadeland.

ORKEST

Fiolinar: Kai Angel Næsteby, Arne Monn-Iversen, Harald Skogrand, Jan U
Arne Melsom, Ingrid Steen. – Bass: Knut Guettler/Thor Yngve Sigvartse
Øien. – Trompetar: Arve Seth, Bjarne Haraldsen. – Trombone: Frode Thi

ng and J"

ammerstein II

Richard Rodgers

ARTVIG KIRAN

RIKKI SEPTIMUS

FINN KVALEM

ing: EGIL MONN-IVERSEN

SKANG - Dansemasker: SNORRE TINDBERG

petitør: Tor Hultin. - Inspisient: Krzysztof Seliga

ved Randi Skahjem. - Parykkmakar: Doro Walstad.

AMASONER Bonne Gauguin, Kari Winge.
PRESTAR Ole Bendik Madsø, Birger Thurn Paulsen,
Torgeir Fonnlid, Christian Sonefeldt
SLAVAR Paul Christiansen, Harald Jørgensen, Roar Olsen,
Torgeir Fonnlid, Hans Pedersen, Arne Rydmark.
KONGELEGE DANSARAR..... Inger Johanne Rütter
Greta Dahle, Randi Frønsdal, Didi Grimsgaard, Turi
Grotterud, Tove Hauge, Vic Salomonsen, Main Kristof-
fersen, Berit Kullander, Wenche Lund, Vigdis Melsom,
Sissel Ramberg, Gjertrud Reagan, Vibeke Wagnner, Inger
Wroldsen.

Alternering i rollene

LOUIS LEONOWENS Einar Eskeland
ANNA LEONOWENS Gudrun Waadeland
KONGEN Odd Furøy
LUN THA Arild Rinvoll
TUPTIM Tone Ringen
LADY THIANG Ingebjørg Eskeland
PRINS CHULALONGKORN Svein Tindberg
SIR EDWARD RAMSAY Rolf Sand

TERET

Ulf Jacobsen, Aage Kjelstrup, Olav Bjørgås. - Cello: Normann Beijer/
sen. - Treblåsarar: Erik Andresen, Harald Bergersen, Rolf Nøddelund, Per
hingnæs, Tore Nilsen. - Slagverk: John Svendsen. - Gitar: Bjørn Fongård.




ASTRID BLÉSVIK

Désirée

*Spesialforretningen i kjoler med det elegante snitt,
gode kvalitet og lave priser*

HAAKON VII'S GATE 10 - OSLO 1 - TELEFON 42 22 90



SKULLE ET UVENTET MØTE GLI OVER I



EN TETE-A-TETE




VIL DE PRISE
DEM LYKKELIG
FOR AT DE
HAR BRUKT
MAX FACTOR

Sheer Genius

med den skjære,
lette og klare
make-up finish
som aldri skinner
... og aldri blir
ujevn. Dette er en
komplett alt-i-ett
make-up.


Velg blant 7 teint-
riktige nyanser –
perfekt for en tete-
a-tete.

De vil kunne få
Sheer Genius i to
fremragende for-
mula – Natural
Finish og Extra
Color Finish.



MAX FACTOR

Madsen TOLLBUGT. 12. OSLO 1.



Børja forstå deg

Det er sagt frå gamle dagar,
som eit ordtak eller stev,
at du lærer litt så lenge
du har nokon til elev.
Frå vår fyrste time saman
var det eg som lærde mest,
og no kan eg meir enn mange
i det fag eg likar best.
Børja forstå dykk!

Børja forstå deg,
børja forstå deg i allting,
børja å få deg
med meg i kvart hjarteslag!
Børja forstå deg
som eg av di rot var runnen,
det er i grunnen
mitt yndlingsfag.

Børja forstå deg,
kjenne kor godt vi går saman,
ta som ei gåve
dette at vi er i lag.
Har du kje merka
at eg er langt mindre framand
for deg enn før
med alt som eg har lært
om deg, og har fått meir kjærte
dag for dag.

Godt mot du unge

Når eg minnest Tom
går tanken til ein kveld
då det anga av sommar
og det skein i sjø og fjell,
og ein soldis er sovna
i bakken der vi står —
Å, eg minnest alt
som det var i går...

Det er andre som står der i bakken vår no,
ser ut over havsens veg,
og eg veit Tom og eg er i alle som ein,
og dei alle er i Tom og meg.


Godt mot, du unge, kvar helst du no er!
I sol og smil skal du bu,
ønskjer eg deg og din kjære i kveld.
Eg har hatt min som du.
Hald fast, du unge, ved den du har kjær,
ver sterk og trygg i di tru!
Smøye deg inn til hans hjarta i kveld!
Eg har hatt min som du.
Eg veit koss det er
når på venger det ber
til den vakraste gata på jord.
Du veit det så godt
at så er han der brått,
og de står og eig ikkje ord.
Så gløym, du unge, at einsam eg er,
og stryk kvar tåre frå kinn!
Fagert er alt som eg minnest i kveld.
Eg har hatt ein som var min.
Eg har hatt ein som var min, lik du,
eg har hatt ein som var min.

HENRIK IBSEN på Det Norske Teatret



«GENGANGERE»

Fru Alving: Tordis Maurstad - Oswald: Finn Kvalem.



«PEER GYNT»

Peer: Lasse Kolstad - Mor Åse: Astrid Sommer.



«ET DUKKEHJEM»

Nora: Monna Tandberg - Advokat Helmer: Per Theodor Hauge - Doktor Rank: Pål Skjønberg.



Earle Hyman som Othello.

Framhald frå side 5

rollene. I versjonen til Rodgers og Hammerstein som vi får sjå i kveld, er saga måla med meir forsonlege fargar.

«The King and I» gjekk fyrste gong over scena i New York våren 1951 og heldt seg der i fire år. Gertrude Lawrence var Anna, og Yul Brynner fekk sitt store gjennombrot som kong Mongkut. Han var også kongen i filmen vi har sett her heime, med Deborah Kerr som Anna. Gertrude Lawrence døyde brått medan stykket gjekk i New York. Ho vart gravlagd i ballkjolen frå «The King and I». Den kvelden sløkte dei ljosa på Broadway og i Shaftesbury Avenue i London. Ei av dei største skodespelarinnene i den engelsktalande verda var borte –

Då turen kom til London i 1953, stod Valerie Hobson og Herbert Loom øvst på rollelista. I denne framsyninga var kveldens konge, Rikki Septimus, med. Han instruerte seinare stykket for ein lang turné i England, og spela då kongen fleire gonger.

Finn Kvalem.

På spelplanen framover.

Det Norske Teatret opnar haustsesongen med «– som ein ange av blomar» («A Scent of Flowers») av den unge engelske dramatikaren James Saunders. Det er omsett til norsk av Finn Kvalem, som også står for regien. Scenebilete er ved Ursula Schuh, gjest frå Deutsches Schauspielhaus i Hamburg. Lise Fjeldstad får her si første store rolle på Det Norske Teatret – i dei andre hovudrollene møter vi Tordis Maurstad, Bjarne Andersen og Per Jansen.

Neste premie blir «Othello» med Earle Hyman i hovudrolla og Espen Skjønberg som Jago (Espen Skjønberg blir frå hausten å finne i det faste ensemblet på Det Norske Teatret). Arne Walentin står for dekoren, Tormod Skagestad set iscene.

VIL DU VÆRE MED SÅ HENG PÅ —



Tyrihans og gullgåsa hans fikk med seg både smed og kokke — både fattig og rik. Og rekken vokste seg lenger og lenger, fordi stadig flere hengte seg på — tilslutt ble de et helt følge.

Den norske Creditbank har også et stort følge. Vi hadde ved siste årsoppgjør over 385.000 innskuddskonti, som representerer et ikke mindre broket følge enn det som Tyrihans hadde. Her mangler verken smeden eller kokka, verken den rike eller den fattige. Og følget er i stadig vekst. Tallet på nye innskuddskonti var ifjor 25.000.

Folk liker å gå i en serviceinnstilt, hjelpsom og vennlig bank. Vi vil gjerne være en slik bank, og oppslutningen om oss tyder på, at vi er på rett vei. Vil De henge på?

Den norske Creditbank

LP-plate i STEREO med
originalopptak frå framsyninga –
signert av dei som har hovud-
rollene – kan De få kjøpt i
teatret. ♦ Plata vert
og seld hos alle
musikkhandlar
i landet



NORLIPS 9 12" LP STEREO

